



Til høyringsinstansane

Dato: 16.10.2015

Vår ref: 15/4367 - 21 HOS (15/37502)

Dykkar ref:

Liturgisk musikk for Den norske kyrkja - høyringsbrev

Saka *Liturgisk musikk for Den norske kyrkja* vert med dette sendt på høyring til bispedømeråda, biskopane, utvalde kyrkjelydar, utdanningsinstitusjonar, arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar og andre aktuelle instansar. Bispedømekontoret har lagt fram forslag til kva for kyrkjelydar som skal vere høyringsinstansar til liturgisk musikk. Vi vonar at de vil delta i denne høyringa.

Forslaget som no vert sendt på høyring, tek utgangspunkt i musikken i permen «liturgisk musikk for Den norske kyrkja 2011». Forslaget inneheld fem hovudseriar til bruk i hovudgudstenestene, to av desse er kyrkjeårsbestemte, samt ei tilråding når det gjeld dei andre sanglege ledda i ei gudsteneste. Eit hefte med musikken til høyringa vert sendt per post. Kvar høyringsinstans vil motta to eksemplar av heftet.

Etter at den liturgiske musikken har vore prøvd ut i kyrkjelydane over heile landet, i tida med gudstenestereform, er vi no inne i evalueringsfasen når det gjeld musikken. Tilrådinga i høyringsdokumentet har som mål å skape større grad av atkjenning i den faste gudstenestemusikken, slik at kyrkjegjengarane lærer å kjenne musikken til dei faste ledda, frå søndag til søndag. Høyringa søkjer å finne svar på korleis Den norske kyrkja best kan ivareta ein balanse mellom «det stadeigne» og allmenn kjent gudstenestemusikk.

Vi ber om at høyringssvar vert lagt inn i Questback, via denne lenkja:

<https://response.questback.com/kirken/litmusikk>

Ta kontakt på hs484@kyrkja.no dersom de i tillegg ønskjer spørsmåla tilsendt på e-post.

Kyrkjerådet rår til at ein legg inn svaret i Questback etter at ein har gjort seg kjent med musikken i heftet med liturgisk musikk og høyringsdokumentet. Høyringsfristen er sett til 21. desember 2015.

På bakgrunn av høyringa, tek Kyrkjerådet sikte på endeleg handsaming i Kyrkjemøtet i januar 2017.

Med helsing

Jens-Petter Johnsen
direktør

Paul Erik Wirgenes
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.